



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tore Larsen
Telefon: 57 65 51 52
E-post: tla@fmsf.no

Vår dato
03.03.2011
Dykkar dato
08.02.2011

Vår referanse
2009/571 - 432.2
Dykkar referanse

Naustdal Røde kors
Postboks 15
6817 NAUSTDAL

Svar på søknad om bruk av snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Vi viser til søknad frå dykk datert 8.2.11, om køyring med snøskuter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i samband med løypelegging, påskeberedskap, transportoppdrag og kjentmannskøyning. Vi viser også til svar frå Fylkesmannen på likelydande søknad i fjor, datert frå oss 10.2.10.

Fylkesmannen gir Naustdal Røde Kors Hjelpekorps løyve med vilkår til utkøyning av saltstein 1) til nordre Holebotnen og vidare til lokalitet ved midtre Svartpøylevatnet, og 2) om Gotdalen og over Langevatna til lokalitet nord for Longevasshytta og på nordsida av Stigsvatnet.

Det blir ikkje gitt løyve til løypekøyning (legging av skispor) i landskapsvernområdet, og heller ikkje til køyring for å kontrollere om det er folk i terrenget i påska.

Søknaden

Søknaden gjeld følgjande:

1. Køyning av to løype-trasear (skuterspor) frå Røde Kors – hytta. Den eine går via Vonavatnet til Fosselvekråna, den andre om Vona til Vonastølen og ned Blomsterlidalen til Fimlandsstølen.
2. Køyning av kontrollturar inn til Nesstølen for å sjekke om det er folk i terrenget om ettermiddagane frå palmehelga til og med andre påskedag.
3. Køyning av løype frå Vona til Longevasshytta i samband med turlaget sin årlege skitur palmesøndag.
4. Køyning av saltstein til beiteområde ved Holebotnen og Longevasshytta (fem lokalitetar merkte på kart).
5. Kjentmannskøyning. Det ligg som påpeikt i brevet føre eit løyve frå Fylkesmannen til slik køyning (for åra 2010-2012), og vi går derfor ikkje nærare inn på dette punktet her.

Vurdering

Det blir arbeidd med ein forvaltingsplan for landskapsvernområdet, som dessverre har blitt noko forseinka. Det ligg dermed ikkje klar føringar for handsaming av motorferdselsøknadar, og vi må vurdere også årets søknad på generelt grunnlag. Forvaltingsplanen vil fokusere på kjende problemstillingar som t.d. tilhøvet til den lokale villreinstammen, som til no har vore eit usikkert moment grunna mangel på oppdatert, tilgjengeleg informasjon. Fordi forvaltingsplanen ikkje er ferdig, har vi bede Villreinnemnda for Sogn og Fjordane om ein uttale til søknaden.

Verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde set i utgangspunktet forbod mot motorferdsel på land og på vatn, men listar opp fleire unntak frå det generelle forbodet. Desse unntaka er i stor grad knytt opp mot transportbehov innan jordbruk, skogbruk, jakt og ulike rednings- og oppsynsoppgåver. Verneforskrifta opnar ikkje for å kunne gi løyve til motorisert oppkøyning av skiløyper, slik det er søkt om i punkt 1 og 3 i søknaden. Det må i så fall bli gitt dispensasjon frå verneforskrifta.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Med den nye naturmangfaldlova som blei vedtatt 19.6.09 er den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta sletta, og kan ikkje brukast som grunnlag for å gi dispensasjon. I staden må dispensasjonar vurderast ut frå § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova:

”Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. (...) Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.”

Løypekøyning kan ikkje definerast inn under omgrep som tryggingsomsyn eller vesentleg samfunnsinteresse, og eventuell dispensasjon må såleis vurderast ut frå i kva grad aktiviteten er i strid med verneformålet og kan påvirke verneverdiane. Verneverdiane er dei natur- og kulturverdiane som finst i området, som urørt natur og plante- og dyreliv, mens verneformålet er definert i paragraf 2 i verneforskriftene:

”Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.”

Verneformålet legg vekt på fråveret av tekniske inngrep og teknisk tilrettelegging i landskapsvernområdet, noko som tilseier ei forvaltning der lista for motorisert ferdsl ligg høgt. Ut frå dette finn vi det rett å avgrense motorferdsel slik at det t.d. ikkje er aktuelt å gi løyve til reine kontrollturar for å halde auge med om det er folk i terrenget. Løypekøyning kjem etter vårt syn også i konflikt med verneformålet sine føringar om tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging, og i utgangspunktet ser vi heller ikkje noko stort behov for løypekøyning i landskapsvernområdet ut frå verken eksisterande eller forventa bruk av området. Den årlege turen frå Årdal til Nes om Longevasshytta er etter vårt syn ikkje ein aktivitet der køyning av løype eller scooterspor er verken nødvendig eller ønskeleg, både fordi deltakarane på slike store fellesturar ikkje blir gåande i eitt enkelt spor, og fordi mange vil oppleve fråveret av teknisk tilrettelegging på ein slik tur som positivt.

Når det gjeld området ved Vonavatnet, ser vi likevel moment som taler for den omsøkte køyninga. Landskapsvernområdet grensar her opp til eit hovudfartsområde vinterstid for Naustdal kommune, der tilrettelegging med løypekøyning er ein etablert praksis i alle fall utanfor verneområdet. I høve til naturmangfaldlova § 48 har vi ut frå tilgjengeleg informasjon tidlegare vurdert at avgrensa løypekøyning i dei to omsøkte rutene like innom vernegrensene, ikkje er i strid med verneformålet. Det blei likevel understreka i løyvet frå i fjor at køyning for sporlegging i området måtte bli sett på som ei forsøksordning, for nærare vurdering i samband med utarbeiding av forvaltningsplanen. Særleg ville det vere viktig å få betre kjennskap til villreinen sin bruk av området. Som nemnt er forvaltningsplanen ikkje ferdig, men kunnskapsgrunnlaget om villreinen sin bruk av området er oppdatert og forbetra, gjennom dei innspela som har kome frå det lokale villreinutvalet og Sogn og Fjordane Villreinnemnd. Kunnskapsgrunnlaget er oppsummert i ein uttale datert 5.3.11 frå Sogn og Fjordane Villreinnemnd til Fylkesmannen.

Av uttalen går det fram at fjellryggane nord for Vona er viktige beiteområde, sjølv om hovudflokken dei seinare åra har nytta område lenger nordaust i området. Utover vinteren blir lisdene og botnane som ligg i området mellom Vona og søre og nordre Holebotnen nytta i aukande grad. Vonaskaret er ein sentral trekkpassasje mellom Vonaområdet og områda lenger

nord og nordaust. Utlagde lager av saltstein i Vonaområdet vert gjerne øydelagt av rein, noko som stadfester at området er i aktivt bruk.

I tillegg til at lisdene i og over Blomsterlidalen er nytta av villrein på seinvinteren, er dette også eit tidlegare brukt kalvingsområde. Nemnda understrekar at villreinen bruker eit område over nokre år, for så å finne andre tenlege lokalitetar i neste tidsperiode. Når beita i eit tidlegare brukt område har teke seg opp igjen, kjem dyra tilbake for ein ny periode. Det er stor variasjon i kor lang tid som går mellom kvar gong reinen bruker eit kalvingsområde eller eit vinterbeite. Dersom området i mellomtida er bygd ut eller teken i bruk til faste aktivitetar, vil reinen vere avskoren frå å ta det i bruk. Slik kan reinen miste viktige beiteareal eller kalvingsområde over tid, fordi ein har trudd at områda er "ute av bruk". Villreinnemnda fryktar at dette er i ferd med å skje i Blomsterlidalen, der det no er 10-15 år sidan området blei nytta til kalving.

Løypa til Fosselvekråa (Trongefossen) er etter Villreinnemnda sitt syn meir akseptabel, men likevel ikkje uproblematisk. Det har også i lisdene nord og sør for Nausta vore kalving, men desse områda har vore ute av bruk lenger enn den forventa naturlege syklusen for områdebruk.

Fylkesmannen må vurdere sjansen for skade på verneverdiane i landskapsvernområdet, m.a. på villreinen sin frie og uavskorne bruk av området, og folk sitt høve til å oppleve støyfri og ikkje-tilrettelagt natur, opp mot nytteverdien av omsøkte aktivitetar. Etter vårt syn er det *ikkje* ein føresetnad for utøving av friluftsliv på ski i verneområdet at det må vere eit oppkøyrte løypenett der, og det må derfor vere avklart at køyring av løypenett ikkje er til skade for verneverdiane dersom denne aktiviteten skal kunne halde fram. Villreinen er ein del av verneverdiane i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og det er etter vårt syn rimeleg klart at snøskuteraktivitet kan verke negativt inn på villrein, særleg på seinvintaren og våren da simlene går kalvtunge og legg ut på vandring til kalvingsområda. **Når det no ligg føre opplysningar som viser at villreinen sin bruk av dei aktuelle områda er meir omfattande enn det vi tidlegare har lagt til grunn, betyr dette at føresetnadene for å gje dispensasjon til løypekøyringa ikkje lenger er til stades.** Dette gjeld særleg for området nord for Vonavatnet. For løypa til Fosselvekræne er tilgjengeleg informasjon mindre klår, men her må vi etter § 9 i naturmangfaldlova basere oss på føre-var-prinsippet ("*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet*"). Vi vurderer at dei to områda ligg såpass nær kvarandre at i den sårbare perioden på ettvinteren er det rimeleg grunn til å tru at skuterkøyring kan kome i konflikt med villreinen sin bruk av området, også på den måten at framtidig bruk av areala blir påverka. Vi kan på denne bakgrunnen ikkje sjå at det er høve til å gi dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsel i landskapsvernområdet.

Verneforskriftene opnar derimot for at det kan bli gitt løyve til utkøyring av saltstein. I søknaden blir det vist til "trasear som vist på kart". Eit slikt kart følgde ikkje søknaden, men det er lagt ved eit kart som viser kvar saltsteinane er tenkt utplasserte. Dette er identisk med tilsvarende kart frå søknaden i 2010 og 2009, og vi reknar derfor med at også kartet over trasear (GPS-logg) som var lagt ved søknaden i 2009 kan brukast som grunnlag i år. Saltsteinkøyringa blir i så fall delt på to turar, ein frå Vona til Holebotnen, og ein annan lenger sør frå Vona til Longevasshytta. Sistnemnde tur er svært lang samanlikna med køyring frå t.d. Årdal i Jølster, og vidare praksis må bli eit moment for vurdering i forvaltingsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Ein kan ikkje gjere rekning med at det seinare vil bli gitt løyve til utkøyring av saltstein til Longevasshytta/Kupefjellet med utgangspunkt frå Vonavatnet, dersom det i forvaltingsplanen blir vurdert som ei betre løysing å køyre med utgangspunkt i Årdalsdalen.

Avgjerd

Med heimel i verneforskriftene for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde §3, punkt 5.3 b) gir Fylkesmannen Naustdal Røde Kors Hjelpkorps løyve til utkøyring av saltstein. Løyvet gjeld ein tur med inntil to snøskuterar i kvar av desse traseane:

1. Frå Vona til nordre Holebotnen og vidare til lokalitet ved midtre Svartpøylevatnet, og i same

trasé tilbake.

2. Frå Vona om Gotdalen og over Langevatna til lokalitet nord for Longevasshytta og lokalitet på nordsida av Stigsvatnet, og i same trasé tilbake.

Løyvet gjeld frå dags dato til og med 31. mars 2011.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

- Omfanget av snøskuterkøyring skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Dei som gjennomfører køyringa, må ha med kopi av dette løyvet slik at det kan leggjast fram for oppsynet eller andre.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf. 97 59 51 02) må få melding om køyringa seinast ein dag før ho skal finne stad. Han kan gje pålegg om å køyre ein annan dag eller langs ei anna rute, dersom dette er nødvendig ut frå førekomst av villrein i området.
- Det må innan 1. juni 2011 sendast ein kort rapport til Fylkesmannen om gjennomføringa av køyringa.

Løyva gjeld berre tilhøvet til verneforskriftene, slik at løyve frå kommune og grunneigarar må innhentast på vanleg måte.

Søknad om løypekøyring (legging av skispor) i området rundt Vonafjellet og på strekninga frå Vonavatnet til Fosselvekråna, er avslått.

Søknad om køyring til Nesstøylen i påska for å kontrollere om det er folk i terrenget, er avslått.

Søknad om løypekøyring i samband med den årlege turen Årdal-Nes, er avslått.

Klage

Avgjerda i dette brevet kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Tore Larsen
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post:
Direktoratet for naturforvaltning
Naustdal kommune
Sogn og Fjordane villreinnemnd
Statens naturoppsyn v/Rune Holen